

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven og Vidar Vie
SAKA GJELD: **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/9680

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.01.2023

STYRESAK:
007/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om status for prosjekt til vitende og ønskjer ein ny statusrapport før sommaren.

Oppsummering

Det er stor prosjektaktivitet i Helse Førde. Hovudfokuset i 2023, anten det er innanfor organisasjonsutvikling, bygg eller IKT, er å planlegge slik at vi er klare til å levere gode tenester når Livabygget ved Førde sentralsjukehus skal takast i bruk hausten 2024.

Fakta

Prosjektporteføljen til Helse Førde er i all hovudsak sett saman av prosjekta i programmet Pasientens helseteneste, Nye Førde sjukehus og innføringar av regionale IKT-løysingar. Ein svært stor del av arbeidet i denne porteføljen vil dei neste to åra handle om å få på plass gode tenestetilbod med gode teknologiske støtteverktøy i eit funksjonelt nybygg.

Det neste året vil det vere om lag 20 prosjekt i Pasientens helseteneste. Ein del av dei planlegg tenestene som avdelingane skal utføre i Livabygget. Andre planlegg for støttetjenester som må vere på plass når bygget står klart, medan nokre omhandlar andre delar av verksemda.

I tillegg har programmet også andre viktige aktivitetar og det vert arbeidd med tenesteutvikling i eit breitt og lengre perspektiv som involverer heile organisasjonen og alle behandlingsstader. Programmet er eit verktøy for å realisere måla i utviklingsplanen. Innføring av digitale helsetenester, å dreie drifta frå døgn til dag, etablere observasjonspost, styrke akuttmtak og vidareutvikle lokalsjukehusa er nokre aktuelle element. Tidlegare prosjekt Psykisk helsevern planla for innflytting i Dagabygget (byggesteg 1, Nye Førde sjukehus). Dette prosjektet skal evaluerast i 2023.

Nye Førde sjukehus skal ferdigstille sjølve Livabygget, men også koplinga til eksisterande sjukehus. Store delar av investeringane i dagens sentralsjukehus er utsette grunna investeringssevna, men det skal planleggast for mindre og viktige investeringar som er nødvendige for at totaliteten skal fungere.

Den regionale IKT-porteføljen inneheld om lag 30 prosjekt av ulik storleik. Prioriteringa for årets plan var særskilt krevjande, og særskilt grunna mangel på personellressursar. Den endelege planen speglar eit Helse Vest med mange byggeprosjekt og dei som er mest kritiske for at bygga skal fungere er prioritert høgast.

Kommentarar

Programmet Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus har gjennom fleire år arbeidd med sikte på at alt skal vere klart til andre byggesteg av Nye Førde sjukehus; Livabygget står ferdig midtvegs i 2024. Komande år blir avgjerande for at dette skal lukkast.

I risikovurdering peikar programmet på fleire faktorar som er naudsynte for å lukkast. God samordning, kommunikasjon og samhandling mellom dei mange OU-prosjekta er noko av det viktigaste. Det same gjeld tid til å utvikle, forankre og øve på dei komande endringane.

Organisasjonsutviklingsprosjekta som omfattar dei tilboda som skal inn i nybygget, må i løpet av dette året ha ferdige driftsmodellar som syner både tenestetilbod, bemanning og økonomi i åra framover.

Planane skal detaljerast, mange avgjerder skal takast og samordninga må fungere. Sjølve byggearbeidet ligg før framdriftsplanen, men Helse Førde er også avhengig av at dei regionale IKT-prosjekta leverer det vi er avhengige av for å drifte organisasjonen i nytt bygg på ein god måte.

Dei neste to åra blir krevjande. Administrerande direktør er trygg på at organisasjonen har rett fokus i prosjektarbeidet, og at førebuingane er i rute.

Konklusjon

Prosjektaktivitetane i Helse Førde er i hovudsak retta inn mot eit godt tenestetilbod i eit funksjonelt Livabygg frå hausten 2024. God samordning av alle organisasjonsutviklingsprosjekta er avgjerande for å lukkast.

Vedlegg:

1. Prosjektportefølje – status og plan for 2023